Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Rauland

Emne: Berekning ved veving | Bygdelag:

Oppskr. av: Inne Midtbø. | Gard: Loftblus

(adresse): Rauland | G.nr. 43 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

er avskrevet.

1. Det dei vov i desse bygder var ullvever til manns, kvinne, og sengeklær. Ein bruka då grovare garn og vend til manns- og sengeklær. Lengdemåli var alne. Ein la den grove veven helst 2 alne eller ei mork, den granne 2½ og opp til 3 alner etter morki.

2. Dei rende so og so mange tjug etter som dei bruka skeii. Til grove vever vanleg 23 tjug (920 tråar), til granne 26-27 tjug (1040-1080 t.)

3. Talde alltid reningi i tjug. Dei eldre gjer det enno.

4. Ukjent.

5. Ein hadde vekti på varpet og la veven etter det. Til veft (innslag) rekna ein med det gjekk urka mindre.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9778

nr 44. Anne Midtbø,
Rauland.

Telemark
Rauland
Lofthus
43 1

1.

# Veving.

1. Tröye, vest og bukse var laga av fullstampa vendevadmål. Det var slitesterk, varmt og heldt mykje godt vata ute når dei arbeidde; snö- og regnver.

2. Stokk, forkla hosa upplut (liv) og kufte var laga av ~~fullstampa~~ tviskjeft vadmål. Fire skaft 1 tråd i hovel 2 i bind.

3. a Underbukse, ullskjorte var helst laga av kvitt grant tviskjeft vadmål.
b Understakk var laga av farga tviskjeft vadmål. Den heitte og pils. Pils - pilsen - pelsar - pelsane.
Bukse og skjorte var laga av kvitt tunt vadmål.

4. Ukjent.

5. Vov av og til lereft til laken, putevar og skjorter både til mann og kvinna.

6. Dukar og servietter vov dei lite av, byrja med det for ca 50 år sidan.

7. Handkle vov dei i same veven som laken, putevar og skjortety. Dei venda til handkle.

8. Vov ruggor i krokbragd, fleire liter i veften som var ullgarn, varp bomull.
Tepe i Telemarksmynster. Fleire liter. Ull veft, bomull til varp.

9778
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING